

**REFERAT/NOTAT - KOMMUNEREFORM****Møte på telefon Volda/Hornindal**

28.09.2017 kl. 10.00

Til stades:

Rune Sjurgard Rådmann/prosjektleder

Ann Kristin Langeland Rådmann

Asbjørn Moltudal Ass. rådmann Volda

Hovudtillitsvalt Delta Hornindal, Norunn Helene Holmøy-Wang

Hovudtillitsvalt Fagforbundet Volda, Oddbjørg Yksnøy Rangseter

Kommunikasjonsrådgjevar Joakim Rødven (referent)

Agenda:

Aktivitet	Ansvarleg oppfølging
<p>1. Statusoppdatering</p> <p><u>Rekruttering</u> Ann-Kristin Langeland køyrer prosessen som overordna for utlysningane av stillingane til IKT og arkiv. Rune Sjurgard og Ann-Kristin vil bli ført opp som kontaktpersonar i utlysningane. I høve problemstillingar rundt rekruttering av helse og omsorgssjef vil Rune syte for at aktuelle hovudtillitsvalde i Volda vert invitert til ein dialog rundt kva som vil vere best mogleg prosess.</p> <p><u>Organisasjonsutvikling – administrativ hovudstruktur</u> Prosjektledaren delte ut utdrag av notat under arbeid som definerer mål og prosess for delprosjektet «administrativ hovudstruktur». Førebels er dette berre eit arbeidsgrunnlag for drøfting, men Rune jobbar vidare med notatet og vil bruke styringsgruppa som sparringspartnarar.</p> <p><u>Kulturbygging:</u> Asbjørn Moltudal vil sjå på ei ny/revidert sak om kulturbygging, med tanke på komiteen som skal jobbe med ekstern kulturbygging. Det viktigaste er å få inn personar som kan spreie engasjement vidare og skape møteplassar. Sak på dette vil leggjast fram for Fellesnemnda.</p> <p><u>Kommunikasjon/informasjon:</u> Ein strategi utover hausten må vere å skape bevisstheit rundt «Nye Volda» sine informasjonsplattformer – både internt og eksternt. Det er mange tiltak og initiativ som kan setjast ut i live, men tidspunktet for desse tiltaka må også vere riktig for at dei ikkje skal svinne bort.</p>	<p>AKL/RS/Inger-Johanne Johnsen</p> <p>RS</p> <p>AM</p> <p>JR</p>

<p><u>ROS-analyse:</u> Asbjørn og Joakim har sett på korleis ei ROS-analyse kan gjennomførast digitalt. Forslag om at Asbjørn og Joakim set saman nokre spørsmål som kan sendast til tillitsvalde og leiarar for innspel før Ann-Kristin, Asbjørn og Joakim går gjennom sannsyn/konsekvens av dei endelege problemstillingane.</p> <p><u>Kartlegging:</u> Prosjektleiar ber kommunikasjonsrådgjevar kople saman kartleggingsrapportane i nærmaste framtid. Ein samlerapport kan vere eit nyttig oppslagsverk i den vidare prosessen framover.</p> <p><u>Omstillingsavtalar:</u> Berit Lyngstad har kalla inn til møte i Partsamansett Utval (PSU), og arbeidet med dette vil starte innan kort tid.</p>	<p>AM/AKL/JR</p> <p>JR</p> <p>PSU/BL</p>
--	--

Aktivitet 2. Saker til fellesnemnda til neste møte	Ansvarleg oppfølging
<ul style="list-style-type: none"> - Kulturbygging – ny/revidert sak - Regionbygging – Samarbeid mot Stryn/Eid/Stranda blir meir aktuelt. Prosjektleiaren vil lage eit notat som kan opne opp for ein debatt om eventuelt samarbeid mot Nordfjord/Stranda. - Næringsapparatet/næringsarbeid – Rune avklarar med ordførarane om kva som kan meldast attende frå møte mellom ordførarane knytt til næringsutvikling, ev om kulturnæringshagen og prosjektleiaren for «Ny næring på gamle tufter» kan inviterast. - Orienteringar – Status på bussruter, møte med Fylkesmennene fredag 29. september. 	<p>AM</p> <p>RS</p>

Aktivitet 3. Organisasjonsnummer	Ansvarleg oppfølging
<p>Asbjørn har teke kontakt med Fosen kommune og bedd om å få sjå deira søknad om å behalde organisasjonsnummeret frå den eine av samanslåingskommunane. Ettersom det kan vere enklare å vidareføre eventuelle avtalar til eit eksisterande organisasjonsnummer enn å måtte opprette nye avtalar med nytt nummer, kan dette også vere aktuelt for Nye Volda.</p>	<p>AM</p>

Aktivitet 4. Prosess på avtalar og interkommunale samarbeid	Ansvarleg oppfølging
<p>Fokuset blir å rydde opp der det er behov for å rydde opp. I Hornindal har ein stort sett fått oversikt over dei avtalane som kommunen er involverte i, men det har ikkje blitt gått i djupna på til dømes</p>	

<p>oppseingstid og liknande. Ann-Kristin ser føre seg å få gått gjennom dette når tida strekkjer til.</p> <p>Prosjektlear føreslo å spørje innkjøpskoordinator i Volda, Ingvild Kjøde, og ein ressurs frå arkiv i Volda kommune om å gå gjennom Volda sine avtalar. Kari Mette Sundgot og Inger-Johanne vert kopla på saka for å eventuelt prioritere å setje av ressursar for å gå gjennom avtalane i Volda kommune.</p>	<p>Styringsgruppa/ KMS/I-JJ</p>
---	-------------------------------------

Aktivitet 5. Eventuelt	Ansvarleg oppfølging
<ul style="list-style-type: none"> - Ein «studietur» til Holmestrand eller andre aktuelle kommunar kan vere aktuelt for å hente inspirasjon. Det kan vere fornuftig å skape god kontakt med Nye Holmestrand kommune, sidan dei er godt i gang med ei todelt samanslåing. - Det blei reist eit spørsmål om eventuell godtgjersle for møter, sekretærfunksjon og liknande for komitear og arbeidsgrupper i bygginga av Nye Volda kommune. Styringsgruppa ser at ein kan vere tente med å ha eit reglement for dette, slik at det er klare retningsliner for alle komiteane/arbeidsgruppene. Sak på dette vert å leggje fram for Fellesnemnda. - Økonomisjef i Volda, Kari Mette Sundgot, vert invitert til neste møte i den administrative styringsgruppa 13. oktober med tanke på budsjett. 	<p>AKL</p>

Møtet slutt kl. 11:38

Volda/Grodås, 28.09 2017



Joakim Rødven

Kommunikasjonsrådgjevar

Samfunn og Rådgjeving

Tlf 482 29 993

www.volda.kommune.no